

Flatdal skule

Skuleåret 2016–2017



Me er godt i gang med skuleåret 2016–2017. Det er 66 elevar på skulen fordelt på alle trinna. Personalgruppa på skulen og på SFO er til saman 22 stykk, fordelt på lærarar, assistentar, vikarar og reinhald. Både elevar og vaksne gjev uttrykk for at dei trivst og har det bra.

I fjor hadde vi ei overskrift over skuleåret; **LESEGLEDE!** Den overskrifta fortset i år med fokus på lesing som grunnleggande dugleik. Dette vil vere eit tema på alle klasseforeldremøtene i haust.

I tillegg har me ei anna overskrift; **FYSISK AKTIVITET OG KOSTHALD.**

Fyrst fysisk aktivitet. Mi er i år blitt medlem av **Aktivskule365**. Det handlar om at det er nokre elevar som får eit særleg ansvar for å skape positiv aktivitet i nokre av friminutta for alle. Dei elevane i 4.–7.klasse som ville, kunne søkje om å bli aktivitetsleiarar. Ti av desse søkarane blei plukka ut til å bli leiarar dette skuleåret. Dei deltok på Aktiv365-kurs i Skien saman med aktivitetsleiarane på Seljord Barneskule og Eirik Heggnes som er Aktivkontakt her på skulen. Der lærde dei om aktivitetsprinsipp, korleis dei kan bli gode leiarar og korleis dei praktisk kan planlegge og gjennomføre aktivitetar for medelevar. Me trur dette kan bli eit positivt bidrag til å få enda fleire elevar i aktivitet i friminutta og til at miljøet blir godt for alle.

Så litt om kosthald. Overkrifta her er: **Skulemåltidet – ein ressurs for trivsel og skulemiljø**. Målet er at alle skal ha 20 minutt til sjølve måltidet. Det skal vere ei triveleg stemning rundt måltidet, og dei skal kunne prate roleg saman eller bli lest for medan dei et. I tillegg kjem me til å ha fokus på sunn mat. Helsedirektoratet er særst opptatt av skulen som arena for læring av kva maten vi et gjer me oss. Eit godt kosthald bidreg til vekst, utvikling, konsentrasjon og hukommelse og styrker immunforsvaret. Med eit næringsrikt kosthald vil eleven vere mett over lengre tid og få eit stabilt blodsukker. Dette resulterer i at eleven får meir energi, betre humør og overskot i kvardagen.

Eksempler på anbefalte matpakker:

Til fruktfriminuttet:

Del opp frukt og grønnsaker og legg i tett boks. Til dømes bitar av agurk, paprika, gulrot, cherrytomater, blomkål, pære, appelsin eller bær.

Til matpausa:

- Grovbrød med pålegg (kjøtt- eller fiskepålegg, leverpostei, egg)
- Restar frå dagen før
- Havregryn med frukt eller bær i ein liten boks, med t.d. yoghurt naturell eller yoghurt med mindre tilsett sukker
- Omelett, eggerøre eller kokt egg
- Grove vaflar med skinke og ost

Vatn er den beste tørstedrikken. Saft eller anna sukkerhaldig drikke vil me ikkje at elevane drikk på skulen.

Me anbefalar at elevane drikk mjølk til maten. Mjølk og meieriprodukt er viktige kjelder til næringsstoffa kalsium og jod.

Les meir på helsedirektoratet.no/folkehelse/ernæring og helsenorge.no/smågrep

Organisering

Kontaktlærarar

1.klasse: 11 elevar

Kontaktlærar: Unn Kristin G. Jønnardalen (97970947)

2.klasse: 11 elevar

Kontaktlærar: Anne Bjåland Barstad (94166823)

3. og 4. klasse: 14 elevar

Kontaktlærar: Kristin Kusslid (95080258)

5. klasse: 8 elevar.

Kontaktlærar: Anita Skogheim (90974876)

6. klasse: 10 elevar.

Kontaktlærar: Marita Byggstøyl Dyrland (95222328)

7. klasse: 12 elevar

Kontaktlærarar: Åsbjørg Moland (99743203)

Timelærarar/faglærarar:

Eirik Heggenes (48034810)

Ingrid Wangensteen (97501028)

Jorunn Hegni (90152500)

Andreas Skrede Østevik (sjukmeldt, kjem tilbake i november)

Vikar for Andreas:

Inger Margrethe Stanhardt (94319646)

Silje Jønnardalen (97482080)

Spesialpedagogar/logopedar:

Ane Flatland (95967616)

Mari Søgaard (97021133)

Assistentar:

Høye Rue(91731095)

Lene Brekke (92258890)

Malin Janette Svalebjørg (90252742)

Rektor: Randi Solberg (35051360/90013663)

Leksehjelp

Me har tilbod om leksehjelp til elevane på mellomtrinnet på tysdagar. Ansvarleg for denne er Lene Brekke. Leksehjelpa varer frå 14.15 til 15.00, og dei som deltek på leksehjelp må vere der heile denne tida.

Dei som går på SFO får leksehjelp på tysdagar i SFO-tida. Andre elevar frå 1.-4.klasse kan bli med på dette tilbodet.

Ynskjer de at bornet dykkar skal nytte seg av leksehjelptilbodet, ta kontakt med kontaktlærar og gjer avtale. Dersom elevar som deltek på tilbodet ikkje skal vere med ein tysdag, må me få beskjed frå føresette.

Elektroniske busskort

Alle elevar som køyrer buss eller taxi til/frå skulen, skal nytte busskort. Gamle busskort gjeld fortsatt.

Hugs at dersom eit elektronisk busskort blir øydelagt eller mista, tek busselskapet 50 kroner for å lage eit nytt.

FAU

Alle foreldre som har barn på Flatdal skule, er medlem av foreldrerådet.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra, og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

Når alle klassene har hatt foreldremøter, får de bekjed om kven som er klassekontakt i dei ulike klassene.

Aktuelle datoar hausten 2016

Her er ei oversikt over ting som skjer på skulen som er litt utanom det vanlege eller som det er lurt for dykk heime å ha ei oversikt over.

September

	<i>Alle klasser har foreldremøte i løpet av september/starten av oktober.</i>	
9.	Dyrsku'fri	
12.	Hausttur: Skarsvegen	
	<i>Konferansetimar</i>	

Oktober

17.- 4.11.	Gjennomføringsveker nasjonale prøver	5.klasse
18.- 9.12.	Mari Søgaaard-lesekurs og kurs for elevar med ulike talevanskar	tysdagar, onsdagar og fredagar
21.	Kulturskatten 1.-7.klasse Konsert	12.40
	<i>Konferansetimar</i>	

November

Heile november	Mari Søgaaard-lesekurs i samarbeid med Unn Kristin	tysdagar, onsdagar og fredagar
9.	Randi på planleggingsdag med rektorane	
9.	Elevkveld (1.-4.klasse heim kl.20.00)	06.00-21.30
21.-2.12.	Digital prøve for 4.klasse: Digitale ferdighetar	
23.	Kulturskatten 1.-2.klasse Litteratur 3.-4.klasse	09.25 10.35
23.	Kulturskatten 5.-6.klasse Litteratur 7.klasse	09.25 10.35

Desember

Heile desember	Skulekor	
1.	Vinterprøve i engelsk 6.-7. klasse	08.30-11.00
2.	Barnas Dag på Seljord Folkehøgskule	
5.	Vinterprøve norsk 5.-7. klasse	08.30-11.00
7.	Vinterprøve i matte 5. og 7.klasse	08.30-11.00
12.	Joleverkstad	Heile dagen
21.	Generalprøve joleprogram og grautfest	
21.	Førjolsfest og skulegudsteneste	17.30-
22.	Siste skuledag for 6. og 7.klasse	

Dersom det er noko de lurar på, nytt høvet til å spørje på konferansetimen, eller ta kontakt med skulen.



Då ynskjer eg alle eit fortsatt godt skuleår med masse god læring!

Med vennleg helsing
Flatdal skule
v/Randi Solberg